



Bergen kommune - Etat for byggesak og private
planer
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 22.02.2016
Vår ref.: 2015/10883-10
Saksbehandlar: sigbjørn
Dykkar ref.:

Fråsegn til forslag til reguleringsplan for Hitland, Åsane - gnr 181 bnr 5,18,23, - Bergen kommune

Vi viser til høyring av forslag til detaljregulering for Hitland. Utval for kultur, idrett og regional utvikling, handsama saka i møtet den 16.2:2016, og fatta følgjande vedtak.

1. Kultur-, idrett og ressursutvalet ber om at Bergen kommune gjennom arealplanlegging bidrar til å redusere transportbehov og utslepp av klimagassar og styrke attraktivitet og kvalitet i senterområder, ved at :
 - detaljhandel, kontorarbeidsplassar, service og tenester vert lokalisert i definerte senterområder
 - næringsområde i randsonen med lågt kollektivdekking vert nytt til industri og lager
2. Kultur-, idrett og ressursutvalet vurderer at planforslaget på Hitland ikkje bygger opp under ein slik utvikling ved å:
 - a) legge til rette for opp til 41 000m² areal for detaljhandel utanfor og i konkurranse med, definerte senterområde
 - b) legge til rette for arbeidsplassintensiv næring som kontorføremål, utan frekvent kollektivtilbod

Det er motsegn til punkt a)

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen i føresegne setter øvre grense på tillat samla handelsareal inntil 3000m², i samsvar med *Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel*.

Det er motsegn til punkt b)

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen setter rammer for omfang av kontorføremål slik at lager og industriverksemder vert primæraktivitet i næringsområdet.

3. Slik planforslaget ligg føre, vil samla bruksareal avsett til handel overstige 3000m². Dette utløyser krav om handelsanalyse og søknad om samtykke frå Hordaland fylkeskommune, jf. *Regional plan for attraktive senter- senterstruktur, tenester og handel*, føresegns 4.1.

Fylkesrådmann sitt saksframlegg ligg vedlagt.

Sigrid Næsheim Bjercke
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at Bergen kommune gjennom arealplanlegging bidrar til å redusere transportbehov og utslepp av klimagassar og styrke attraktivitet og kvalitet i senterområde, ved at :
 - detaljhandel, kontorarbeidsplassar, service og tenester vert lokaliserte i definerte senterområde
 - næringsområde i randsona med lågt kollektivdekking vert nytta til industri og lager
2. Utval for kultur, idrett og regional vurderer at planforslaget på Hitland ikkje bygger opp under ei slik utvikling ved å:
 - a) legge til rette for opp til 41 000m² areal for detaljhandel utanfor, og i konkurranse med, definerte senterområde
 - b) legge til rette for arbeidsplassintensiv næring som kontorføremål, utan frekvent kollektivtilbod

Det er motsegn til punkt a)

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen i føresegne set øvre grense på tillate samla handelsareal inntil 3000m², i samsvar med *Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel*.

Det er motsegn til punkt b)

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen set rammer for omfang av kontorføremål slik at lager og industriverksemid vert primæraktivitet i næringsområdet.

3. Slik planforslaget ligg føre, vil samla bruksareal avsett til handel overstige 3000m². Dette utløyer krav om handelsanalyse og søknad om samtykke frå Hordaland fylkeskommune, jf. *Regional plan for attraktive senter- senterstruktur, tenester og handel, føresegn 4.1*.